

919122536

ONES GARD - BRUK 2

Mobilnummer

416 69 634

E-postadresse

Kontonummer **** * 74333

Dato

14.09.2021

Avsender

Alver kommune

Vår referanse

Agros 107858

Utbetalingsreferanse

Utbetalingsanmodning GBNR 86/2 Ones

Tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) – delutbetaling av tilskot til prosjektet "BEITERYDDING, GJERDE"

Vi viser til førespurnad om utbetaling av tilskot datert 04.08.2021. Førespurnaden er på 16 705 kroner.

Vi godkjenner ei utbetaling på 16 250 kroner.

Kommunen har motteke rapport over utført arbeid. Dokumenterte kostnader er 33 000 kr til beiterydding og 10 394 kr til gjerding.

Området er synfart av kommunen. Det er rydda omlag 9 daa beite og sett opp omlag 50 meter gjerde inkludert ei køyregrind. Arealet er teke i bruk som beite for sau.

Kostnaden for ryddinga har vore høgare enn forutsett, grunna tilstanden til arealet. Arealet har vore ute av drift i lengre til, og terrenget er til dels særskilt krevande. Utbetalinga tek derfor utgangspunkt i maksimal sats for kostnad til beiterydding på 3000 kr/ daa. Utbetaling for gjerding tek utgangspunkt i sats på 80 kr/ meter oppsett gjerde. Kommunen godkjenner at 1500 kr som opphøveleg vart løyvd til gjerde omdisponeres til å dekke kostnad til grind.

Det er gjort mykje godt arbeid med å ta ned tre og opna opp områda. Dette bidreg til meir sollys for plantane, økt beite kvalitet og raskare opptørking av areala. Beiting med sau bidreg vidare til å halde kulturlandskapet i hevd.

| | |
|----------------------------------|-----------|
| Beiterydding 9 daa* 3000 kr/ daa | 27 000 kr |
| Gjerding 50 m* 80 kr/m | 4000 kr |
| Enkel køyregrind | 1500 kr |
| Kostnadsoverslag | 32 500 kr |
| Tilskot (50%) | 16 250 kr |

Klagerett

Vedtaket kan påklagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teken til følge. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følge skal den sendast vidare til statsforvaltaren med ein uttale. Statsforvaltaren fattar endeleg vedtak i klagesaka.

Beløpet vil bli utbetalt til konto **** * 74333, normalt innan ei veke.

Med helsing
for Alver kommune

Saksbehandla av: Marie Victoria Rekdal Skogrand